

Årsplan 2009

Innleiing

Det overordna målet for Norsk Ordbok 2014 er som vanleg å oppretthalda manusprogresjonen (jf. punkt B4 i planen). Det inneber at alle ledd i redaksjonen greier å halda dei mange delmåla som blir sette opp for framdrifta. I 2009 har me som første og viktigaste hovudmål å få levert band 8 til forlaget til 1. september, og dessutan skal me innan utgangen av 2009 ha redigert 230 sider av bd. 9.

Det andre hovudmålet er å forbetra vilkåra for effektiv redigering gjennom å forbetra og vidareutvikla sjølve applikasjonen (jf. punkt C), gjennom å gjera meir tilfang digitalt tilgjengeleg via redigeringsapplikasjonen (jf. punkt D) og dessutan gjennom å gje god og relevant opplæring (jf. punkt E).

Til sist ønskjer me å arbeida vidare med å gjera prosjektet synleg på ein god måte for ålmenta. (Jf. punkt E15 i planen.) Hovudtiltak i år vil vera arbeidet med å lage ein ny nettstad for prosjektet, lanseringa av band 8 på eit arrangement i november, deltaking på Forskingstorget i september og formidling av prosjektet til elevar frå vidaregåande skole på Open dag ved UiO, journaliststudentar ved Høgskolen i Oslo og journalistlærlingar ved Nynorsk mediesenter. Me kjem i tillegg som vanleg til å vera representerte på diverse fagkonferansar, så langt som økonomien tillet det.

Ambisjonsnivået i årsplanen for 2009 er elles prega både av den økonomiske situasjonen Norsk Ordbok 2014 er i på driftssida og av bemanningssituasjonen i EDD og ressursane dei treng å bruka på opplæring dette året. For at me skal kunna gjennomføra planen, er me avhengige av å få dei midlane til disposisjon som me har søkt om for 2009. Utan desse midlane vil me måtta seinka ambisjonsnivået, og NO 2014 kan då ikkje produsera i tråd med den langsiktige progresjonsplanen for utgjevinga av ordboksverket.

A. Rammevilkår

1. Organisering og finansiering

Mål 2009	
a) Me vil arbeida vidare for at samlingsverksemda blir konsolidert innanfor	

rammene av instituttet (òg i lys av den kommande digitaliseringsmeldinga), men samstundes syta for at prosjektet har sitt eige budsjett og administrative handlingsrom.	
b) Me vil søka midlar på statsbudsjettet innan fristen 2. mars.	
c) Me vil be om at det blir lagt inn ein auke i driftsmidlane frå UiO i universitetets langtidsbudsjett, for å sikra at prosjektet ikkje må endra utgjevingsplan og seinka produksjonsfarten.	
d) Manuskriptkontroll skal framleis skje ved gruppeleiarane, ved kryssjekkgruppa, ved sitatkontrollen og ved hovudredaktør (men jf pkt A1e).	
e) Me vil laga ei forsøksordning med alternerande gruppeleiarlesing.	
f) Me vil arbeida for å etablera god og regelmessig kontakt med ny instituttleiing og ny kontorsjef ved ILN.	

2. Lokalisering

Mål 2009	
a) Me skal halda tett kontakt med HF og ILN for å følgja prosessen med rehabiliteringa av Preklinisk odontologi-bygningen og dei evt. flytte- eller samlokaliseringsplanane til instituttet.	

3. Personale

Mål 2009	
a) Om budsjettet tillet det, vil me ta inn ein eller to redaksjonsassistentar til opplæring.	
b) Me vil undersøka moglegheitene for å ha ein assistent inne på arbeidspraksis plass.	
c) Me vil gje opplæring til ny(e) redaksjonsassistent(ar).	
d) Me vil tilsetja ny medarbeidar i den administrative stillinga som blir ledig i mars 2009.	
e) Om budsjetts situasjonen tillèt det, vil me engasjera hjelp for tagging av tekst.	
f) Me må forsøka å få minimum 25 produktive redaktørårsverk ut av løyvinga vår. ¹	

¹ Ved inngangen til 2009 er det 27 redaktørar tilsette ved prosjektet. Me har så langt oversyn over sjukefråver/permisjonar tilsvarande 10,9 månadsverk i 2009.

B. Manusarbeid

4. Band 8 og 9

Mål 2009	
a) Band 8 skal etter planen ferdigstillast til 1. september. Det vil seia 349,7 sider med nyredigering, 610 sider med kvalitetskontroll og 800 sider med korrektur.	
b) Utarbeida innleiingstekst og bibliografitillegg til band 8 til 15. mars.	
c) Utarbeida korrekturinstruks før 1. juni	
d) La fire redaktørar gjera ferdigkontroll av samla manuskript den siste veka i august.	
e) Me skal nyredigera 230 sider av band 9 i perioden september-desember.	
f) Kvalitetskontrollen bør i størst mogleg grad skje fortløpande.	
g) Me skal dimensjonera band 9 før 1. juni	

5. Band 1 til 5

Mål 2009	
a) Redaksjonen har ikkje kapasitet til å driva arbeidet med bd. 1-5 vidare dersom måla for nyredigering skal nås. Administrasjonen skal i løpet av året laga eit oversyn og ein plan for ferdigstilling av dette arbeidet på lenger sikt, og drøfta dette med EDD.	

C. Utvikling av verktøy

6. Redigeringsapplikasjonen

Mål 2009	
a) Nyskrivinga av setelapplikasjonen skal gjerast ferdig, og testinga skal gjerast i januar og februar.	
b) Redigeringsplattformen skal nyskrivast og det skal komma på plass funksjonalitetsforbetringar i redigeringsapplikasjonen. Me skal akkumulera ei liste med spesifiseringar av funksjonalitetsforbetringar som skal inn (som endra dimensjonering ved homograf-separering, programforenklingar som tillet klipping, liming og undertrykking i målføredelen av hakeparentesen og enklare bruk av rapporteringsfunksjonen)	
c) Me skal vidareføra arbeidet med å integrera transkribert talemålsmateriale frå Tekstlaboratoriet i applikasjonen.	

7. Elektronisk utgåve av ordboka

Mål 2009	
a) Me vil få på plass ei endeleg avtale om (dei mellombels) rettane til den elektroniske utgåva av ordboka fram til utgangen av 2014.	

8. Setelarkivet (SA)

Mål 2009	
a) Den nye setelapplikasjonen skal på plass.	
b) Testinga av setelapplikasjonen skal skje ved setelarkivgruppa i januar og februar.	
c) Me skal leggja inn funksjonalitetsforbetringar i den nye SA.	
d) Me vil leggja til nye element i databasen som gjer det mogleg å leggja inn bilete og kart (før utgangen av april), og seinare lyd (etter april).	

9. Målføresynopsisen

Mål 2009	
a) Me vil gjera ferdig arbeidet med den digitale synopsisen slik at det blir mogleg å gjera søk på ord og lokalitet. Tiltaket føreset finansiering frå ILN.	
b) Me skal delta i arbeidet med å få godkjend <i>norvegia</i> i Unicode.	
c) Me vil leggja inn Storm-ordlista i MO	

10. Redigeringshandboka

Mål 2009	
a) Me vil revidera underoppslagskapitlet.	
b) Me skal ha ei kontinuerleg utbygging og innarbeiding av vedtak gjennom heile året	

D. Utviding og forbetring av tilfang

11. Nynorsk tekstkorpus

Mål 2009	
a) Me vil få på plass avtaler med aviser og einskild-rettshavarar om levering av elektronisk tekst til korpus.	
b) Om økonomien tillet det vil me engasjera sommarhjelp for å tagga meir sakprosa for innlegging i korpuset.	
c) Me vil digitalisera ferdig band 8-9 av <i>Norsk allkunnebok</i> ved innskrivargruppa i Masi, bd. 10 ved Elisabeth Holm.	
d) Me skal tagga og leggja inn GOS.	
e) Me skal kopla opp NLO.	

f) Me vil digitalisera etterreformatorisk tekst (<i>Den fyrste morgonblånen</i> , evt. <i>I det upolerede bondesprog</i>) med parallellkorpus. Tiltaket føreset ekstern finansiering (Småforsknmidlar).	
g) Me vil søka Forskingsrådet om midlar til ei større satsing på digitalisering av etterreformatorisk tekstmateriale (ordsamlingar og tekstar). Tiltaket føreset at me finn partnerar ved andre institusjonar som står som medsøkjjarar.	

12. Metaordboka

Mål 2009	
a) Me vil normera MO på dei alfabetbolkane der det går føre seg redigering (<i>o-r</i>)	
b) Me vil kopla opp 6 prioriterte eldre ordsamlingar.	
c) Me vil publisera digitaliserte ordsamlingar i Ordbokshotellet.	
d) Me vil kopla opp mest mogleg av dei 23 attståande tagga målføreordsamlingane og gjennomgå taggesystema.	

13. Digitale målførekart

Mål 2009	
a) Transkribering av lydbandopptak frå målførearkivet. NO 2014 løyver Tekstlaboratoriet midlar tilsvarende 2 mnd.-verk til dette arbeidet.	
b) Ferdigstilling av arbeidet med ei nettpubliseringsløysing for dei digitale målførekarta. Tiltaket føreset ekstern finansiering (Småforsknmidlar).	

14. Nytt tilfang

Mål 2009	
a) Me tek sikte på å registrera 15 000 nye oppslag i 2009.	
b) Me vil bistå med tilrettelegging av ferdigstilling av digitalisering av Skogen-materialet ved pensjonist.	
c) Me vil bistå med tilrettelegging av digitalisering av Haugen-samlinga ved pensjonist. Heile året.	

E. Formidling, informasjon og kompetanseheving

15. Formidling og informasjon

Mål 2009	
-----------------	--

a) Lansering av bd. 8 i Oslo i november.	
b) I samband med arrangementet vil me arbeida for å få best mogleg pressedekning. Me lagar pressemelding + eit oversyn over lokalaviser og legg ut på fellesområdet vårt, slik at redaktørane kan ta kontakt med aviser i “sin” region.	
c) Me vil arbeida saman med EDD for å laga ny nettstad for Norsk Ordbok 2014. Tiltaket føreset delvis ekstern finansiering.	
d) Me vil halda foredrag for journaliststudentane ved Høgskolen i Oslo (5. februar) og journalistlærlingane frå Nynorsk mediesenter (13. februar)	
d) Me vil delta på Open dag for elevar frå vidaregåande skole 5. mars.	
e) Me vil ha bu på Forskingstorget i september 2009. Føresetnaden er at administrasjonen tek hovudtyngda av arrangementsansvaret.	
f) Me vil vera representerte i forum som kan gagna prosjektet, og som ikkje går på tvers av framdrifta. Døme er Nynorsk Forskarnettverk, Dei nynorske festspela, Granavollen-seminar, Nynorsk forum, forskingsgruppe i leksikografi ved ILN og matkulturprosjektet ved NTNU.	-
g) Me vil delta i gjennomføringa av eit DKNVS-seminar i Trondheim 9.–10. oktober.	

16. Kompetanseheving

Mål 2008	
a) Me vil gje opplæring til evt. nye redaksjonsassistentar.	
b) Me vil halda eit målføreseminar (5 dobbelttimar) for dei redaktørane som treng å styrka kompetansen sin på dette feltet.	
c) Me vil vera representerte med foredrag på internasjonale konferansar.	
d) Me vil arrangera sommar- og juleseminar med eksterne foredragshaldarar.	
e) Om det blir arrangert eit nytt Lexicom-kurs, bør me vera representerte på dette kurset.	
f) Dei som har behov for det, bør gå på Powerpoint-kurs i 2009.	
g) Me bør senda nokre tilsette på kurs i Excel.	

h) Me bør arbeida for å få fram individuelle forskingsprosjekt med tilknytning til den digitale basen vår.	
i) Me vil setja av midlar til to mastergradstipend á 15.000 kr til studentar som nyttar materialet vårt til leksikografisk masteoppgåve.	